

Protokoll frå styremøte i Helse Førde HF

Tid: 30.06.2017, kl. 09:00 – 12:55
Møtestad: Førde sentralsjukehus, Førde

Styremøtet var ope for publikum og presse

Deltakarar frå styret

Agnes Landstad	Styreleiar
Atle Hamar	Nestleiar
Helge E. Bryne	Medlem
Liv Stave	Medlem
Aud Ingrid Espeland	Medlem
Wenche Kristin Røkenes	Medlem
Randi Aven	Medlem
Hans Jacob Westbye	Medlem
Mariann Hundsnes	Varamedlem tilsette
Solfrid Fossberg	Observatør

Forfall frå styret

Harry Mowatt	Medlem
Arthur Norevik	Medlem

Deltakarar frå administrasjonen

Anne Kristin Kleiven, fung. adm. direktør
Arne Skjelten, HR-direktør/kst. direktør Stab/støtte
Svein Ove Alisøy, kst. direktør Psykisk helsevern
Signe Nordvik, fung. direktør Medisinsk klinikk
Joar Halbrend, fung. økonomidirektør
Mads Rekve, fung. fagdirektør
Terje Ulvedal, kommunikasjonssjef
Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør
Berit Irene Haarklau, referent

Andre deltakarar

Kari Furevik, seksjonsleiar
Hans Johan Breidablik, seniorrådgjevar
Marit Solheim, forskingsleiar

Sakliste

051/2017	Godkjenning av innkalling og dagsorden
052/2017	Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 06.06.2017
053/2017	Administrerande direktør si orientering
054/2017	Rapportering frå verksemda per mai 2017
055/2017	Risikostyring av styringsmål 2017 – rapportering 1. tertial
056/2017	Styringsdokument 2017 – rapportering 1. halvår
057/2017	Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF
058/2017	Budsjettoppfølging 2017

Saker til orientering:

049/2017	Forsking og innovasjon i Helse Førde – statusrapport <i>(utsett frå førre møte)</i>
059/2017	Rapportering om prosjekt i Helse Førde
060/2017	Bierverv i Helse Førde - status
061/2017	Eventuelt Skriv og meldingar

«Styret sitt kvarter»

Styreleiar Agnes Landstad ønska styret, brukarrepresentant, administrasjonen, publikum og presse velkommen til dagens styremøte ved Førde sentralsjukehus.

Brukarrepresentant Solfrid Fossberg var innkalla til sitt første styremøte i samsvar med nye retningslinjer for brukarmedverknad i helseføretak, og har observasjonsstatus med tale- og forslagsrett. Fossberg orienterte om sin bakgrunn.

051/2017 Godkjenning av innkalling og dagsorden

Styreleiar Landstad leia møtet og orienterte om dagsorden:

- Styremedlem Mowatt og Norevik hadde meldt forfall
- Mariann Hundsnes var innkalla som varamedlem
- Solfrid Fossberg var innkalla som brukarrepresentant
- 8 dokument var utsendt til «Skriv og meldingar»
- 3 nye dokument vart utdelt i møte:
 - Uttale frå tillitsvalde til styresak 058/2017 Budsjettoppfølging 2017
 - Brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak
 - Restanseliste

Sak til Eventuelt: dialogmøte med kommunane

Vedtak (samrøystes):

Det var ingen merknader til innkalling og dagsorden.

052/2017 Godkjenning av protokoll frå styremøte i Helse Førde HF 06.06.2017

Retting i sak 044/2017, der det skal stå «Rapportering frå verksemda per april 2017»

Vedtak (samrøystes):

Styret godkjende og underteikna protokollen frå styremøte 06.06.2017, med ovannemnde retting.

053/2017 Administrerande direktør si orientering

Fung. adm. direktør Kleiven orienterte om:

1. Rapportering tilsynssaker for mai

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane
Lokalt EI-tilsyn v/Sunnfjord Energi
Arbeidstilsynet

2. Sepsis tilsyn

Notat var utsendt, med orientering om tilsyn frå Fylkesmannen hausten 2016 og status i saka.

Styret kommenterte at ein må sjå arbeidet med kvalitetssikring av akutte tenester i samanheng med prehospitala tenester.

3. Det prehospitala området - løypemelding

Styret har i møte 18. november 2016 og 6.juni 2017 gjort vedtak om prosess for det prehospitala området i Helse Førde.

Administrasjonen la fram framlegg om å fasedele arbeidet fram mot implementering i 2019. Det vert viktig å involvere kommunar/brukarar og det interne fagmiljøet, samt å engasjere ekstern kompetanse i arbeidet. Utkast til fase 1 vert lagt fram for styret 12. september.

Styret kommenterte at framlegg til prosess er god. Eit godt faktagrunnlag vert avgjerande for arbeidet. Økonomisk berekraft, god kompetanse og moderne utstyr vert viktige faktorar. Det må sikrast tempo i framdrift og implementering. Arbeidet må synleggjere totaloversynet, herunder tydeleggjere arbeidsdeling mellom bil- og båtambulansane, samt luftambulansen si rolle.

Seniorrådgjevar Breidablik orienterte om:

4. Antibiotikastyring

Antibiotika til bruk mot infeksjonssjukdommar har vore ein av dei store suksessane i moderne medisin. Imidlertid har det vist seg at bakteriar kan utvikle motstandskraft (resistens) mot antibiotika. Problematikken er tatt opp også i Stortinget, med mål om reduksjon i antibiotikabruken med 30% innan utgangen av 2020, samanlikna med 2012. For spesialisthelsetenesta er målsetjinga å avgrense bruken av breispektra antibiotika.

Tiltak i antibiotikastyringsprogrammet:

Ledelsesforankring og ansvarlegheit

Overvåking og rapportering av antibiotikabruk og antibiotikaresistens

Etablere Antibiotikateam (A-team), som har mandat til å drive forbetningsarbeid. Mandat for prosjektet er vedteke i leiargruppemøte i Helse Førde og omfattar:

- Styringsgruppe
- A-team fleirfagleg
- Referansegruppe

Styret stilte spørsmål om det er samarbeid med kommunane i dette arbeidet. Administrasjonen svara at Helse Førde har eit tett samarbeid med kommunane i arbeidet, også gjennom i smittevern-avtalane.

Styret ba om at implementering av nytt system for legar i spesialisering vert tema i adm. direktør si orientering på eitt av styremøta hausten 2017.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret tek meldingane til orientering.
2. Styret ber om ei sak til hausten om arbeidet med å implementere nytt system for LIS-legar.

054/2017 Rapportering frå verksemda per mai 2017

Oppsummering:

Fung. fagdirektør Rekve orienterte om: Kvalitet

Ventelistedashboard mellom klinikkane og avdelingane viser stabile tall. Det er registrert 20 fristbrot i mai. Beleggsprosenten viser 75 og har vore stabil. Korridorpatientar viser også stabile tall. Direkte tildelt time viser stabile tall, med 88% for første time og 64% for oppfølgingstimar.

Styret kommenterte at Helse Førde har gode tall på kvalitetsindikatorar. Beleggsprosenten viser no oversikt mellom avdelingane, dette er relevant også i det vidare arbeid med samanslåing m.m.

Fung. økonomidirektør Halbrend orienterte om: Aktivitet, økonomi og medarbeidarar

Budsjettavviket i mai viser minus 0,3 millionar kroner. Budsjettavviket for perioden viser minus 3,026 millionar kroner.

Dei store utfordringane får vi frå 1. juli 2017. Det er risiko for eit minusresultat på 41 millionar kroner i forhold til budsjettkravet, som er 15 millionar i pluss. No vert det sett inn tiltak, og det er meldt til Helse Vest at ein jobbar mot eit resultat på minus 15 millionar kroner i høve til budsjettkravet, dvs. mot balanse.

Styret kommenterte at ein må sette inn konkrete tiltak raskt for å få effekt. Utfordringsbildet er alvorleg, og blir tatt opp i budsjettoppfølgingssaka.

Vedtak:

Rapportering frå verksemda per mai 2017 vert teken til vitande.

055/2017 Risikostyring av styringsmål 2017 – rapportering 1. tertial

Oppsummering:

Saka gjeld første tertialrapportering av gjeldande styringsmål for helseføretaket, og syner status for no-situasjon, framdrift i høve tiltak og vurdering av risiko knytt til gjennomføring og måloppnåing.

Mål og forbetringstiltak er knytt til følgjande tema:

1. Pasienttryggleiksarbeid
2. Reduserte ventetider, oppgåveplanlegging for pasientbehandling
3. Helse, miljø og trykkleiksarbeid
4. Høgare vekst i kvart einskild føretak innanfor psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling enn for somatikk.
5. Utvikling av «pasientens helseteneste» med god kvalitet, brukarmedverknad og heilskaplege pasientforløp.

Fung. adm. direktør Kleiven orienterte om saka.

Styret kommenterte styringsmål 4 og 5.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek saka om risikostyring av styringsmål i Helse Førde til vitande.

056/2017 Styringsdokument 2017 – rapportering 1. halvår

Oppsummering:

Halvårleg rapport av krav i styringsdokumentet er ein del av Helse Vest RHF's grunnlag for rapportering til Helse- og omsorgsdepartementet, og ledd i eit samanhengande plan-og styringssystem mellom helseføretak og departement, jfr. helseføretakslova § 16 a.

Rapporten viser gode kvalitetsresultat for Helse Førde HF, der ein i stor grad og hovudsakleg oppfyller eigarkrava sett til lokale føretak.

Styret kommenterte:

Det vart vist til rapport i Helse Vest, der det også var gitt oversyn over tal lærlingar, og eit ønskje om å få ei totaloversyn over desse også i vår rapportering. Tala er rapportert til Helse Vest, men har ikkje vore del av rapportmalen. Administrasjonen kan gje oversyn over lærlingar til styret i seinare møte.

Avtalespesialist-ordninga, spørsmål om Helse Førde er i mål med å inngå samarbeidsavtaler innan 30. juni. Svaret er at dette er under arbeid, men at ein ikkje er heilt i mål enno.

Styret stilte spørsmål til punkt 6.2 «Investeringar og lån» om samarbeidet med Sykehusbygg AS. Administrasjonen bekrefta at prosessen går bra, bygg- og tenesteutvikling går godt i dette samarbeidet der Sykehusbygg HF bidrog med rådgjeving.

Det vart stilt spørsmål om IT-sikkerhet. Administrasjonen formidla at Helse Førde er i ein anna situasjon ved at ein får tenestene via Helse Vest IKT. Det er høg merksemd på IKT-sikkerheit i Helse Vest.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek Helse Førde HF sin halvårsrapport for styringsdokumentet 2017 til vitande.

057/2017 Årleg gjennomgang av styrande dokument for styret i Helse Førde HF

Oppsummering:

Det vart frå 2016 etablert ein ny praksis med årleg gjennomgang av dei styrande dokumenta for styret i Helse Førde HF. Dette for å sikre god kunnskap og oversikt, også at ein jamnleg skal kunne oppdage endringar eller tilpassingar i dei gjeldande styrande dokumenta.

Styret har sjølv rådigheit over og fastset følgjande dokument:

- Styreinstruks og instruks for administrerande direktør
- Fullmaktstruktur og etiske retningslinjer

Kommentarar/spørsmål:

Vedtekter, inneheld 2 paragraf 15, må rettast

Instruks for adm. direktør i Helse Førde. Spørsmål om dette er ein standardinstruks i alle føretaka. I tilfelle det er lokal instruks, bør ein vurdere behov for revisjon i samband med rekruttering av ny AD.

HR-direktøren informerte om at AD instruks er lokal og ikkje standard. Administrasjonen følgjer opp dokumentet «instruks for adm. direktør i Helse Førde» innan juli-møte.

Styret ber administrasjonen førebu gjennomgang av eitt dokument om gongen i styret.

Vedtak (samrøystes):

Styret er kjend med og tek til vitande følgjande dokument:

- a. Vedtekter for Helse Førde HF, sist endra 20.02.2014
- b. Styreinstruks for styret i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- c. Instruks for administrerande direktør i Helse Førde HF, revidert 30.04.2015
- d. Fullmaktsstruktur for Helse Førde HF
- e. Rettleiaren «Styrearbeid i helseføretak»
- f. Etiske retningslinjer for Helse Førde
- g. Regjeringa sin eigarpolitikk, jf. Meld. St. 27 (2013-2014)
- h. Retningslinjer for lønn og annen godtgjørelse til ledende ansatte i foretak og selskaper med statlig eierandel

058/2017 Budsjettoppfølging 2017

Oppsummering:

Helse Førde er i ein krevjande økonomisk situasjon. Føretaket ligg bak budsjett etter fem månader, og dei fleste store tiltaka skal etter planen ha effekt siste halvår. Samla melder klinikkane om eit resultat 41 millionar kroner bak budsjett for året, dersom ikkje tiltak vert sett i verk. Det er arbeid med tiltak gjennom våren, og fleire av dei vil kunne avhjelpe situasjonen. Det er også skapt eit grunnlag for å gå vidare med ytterlegare tiltaksarbeid. Alt dette er nødvendig for at føretaket skal realisere planlagde investeringar.

Det er levert rapportar frå kvart av dei fire prosjekta i vedtakspunkta 1-4, og kort oppsummert viser status:

Døgn: Har forslag som vil kunne gje ein årseffekt på 5,2 millionar kroner knytt til nedtak av om lag åtte stillingar på sengepostar. I denne runda er det føreslått samlokalisering av sengepostane for kirurgi og ortopedi. Samarbeid mellom andre sengepostar skal også gje innsparingar. Dei går ikkje inn for fem døgn sengepost eller observasjonspost i mottak, men føreslår pilotering i mindre skala på begge områda. Døgnprosjektet har også arbeid med aktivitetsstyrt bemanning, og andre område som må konkretiserast vidare utover året.

Lærdal: Har forslag som vil kunne gje ein årseffekt på om lag 2,8 millionar kroner. Mesteparten av dette er ein aktivitetsauke på 10 prosent utan auke i stillingar, som skal kunne gje 1,8 millionar kroner. Dei føreslår også nedtak av ei stilling og felles seksjonsleiar for sengepostane.

Begge desse prosjekta er langsiktige og vil kunne avdekke ytterlegare innsparingar i det vidare arbeidet.

Vaktordningar og kjøp av utvida arbeidstid: Prosjektet, og prosjektet som arbeidde med legeplan sist vinter, har gjennomført ei grundig kartlegging av stoda. Vurderinga er at det vil kunne vere pengar å hente på området, men at tiltaka som låg inne i budsjett 2017 kan tykkjast å vere noko ambisiøse. Endringar på dette området vil ha tett samanheng med tenestetilbodet til føretaket.

Nye Førde sjukehus: Prosjektet si vurdering er at det først er mogeleg å svare ut oppdraget hausten 2017, før detaljeringa i forprosjektet startar. Rapporten skisserer korleis det skal skje, milepælar undervegs og kva det blir arbeidd med.

Andre tiltaksområde:

- DPS Sunnfjord og Ytre Sogn. I konseptfasen var nybygget til psykiatrisk klinikk i Førde dimensjonert slik at det kunne romme sengeplassane til DPS på Tronvik.
- Stab og støtte
- Investeringar
- Permisjonar, overtid og ekstravakter
- Andre kostnader
- Effektar av IKT-prosjekt
- Robotisering
- Innkjøp

Fung. adm. direktør Kleiven orienterte om saka, som er ei løypemelding. Siktemålet er å gå i balanse i 2017, dvs eit resultat 15 mill under budsjett. Administrasjonen vil legge fram ein konkret prognose til styremøte i september. Av styresaka framgår det at ein ser på mange ulike tiltak, mellom anna samlokalisering og samanslåing av sengepostar, og nedtak av sengetal i føretaket. Tillitsvalde og verneteneste vert involvert i den vidare prosessen.

Styret ba om å bli løpande orientert om kostnadsreducerande aktivitet/tiltak, at ein får fram konkrete tal på avvika i budsjett 2017 og nye prognoser, samt at nye tiltaka vert fremja og formaliserte med vedtak. Styret oppfordra til forsterka tempo for implementering av budsjett-tiltaka.

Det er bekymringsfullt om ein ikkje greier resultatkravet i inneverande år, det gjev eit krevjande 2018 ettersom resultatkravet for 2018 i utgangspunktet er 28 millionar kroner, og det ein ikkje klarer i 2017 tar ein med seg i 2018. Det vart på denne bakgrunn bede om høgt tempo i konkretisering og gjennomføring av tiltak. Revidert budsjett vart etterspurt, og konkretisert til eit ønskje om oppdatert prognose.

Det vart gjort merksam på at ein må sikre samstemming av tiltak og prosjekt slik at innsparing ein stad ikkje blir til utgift ein annan stad. Administrasjonen bør avklare om Helse Vest i arbeidet med strategiplan Helse 2035 vil ta initiativ til å vurdere funksjonsdelinga i regionen. Styret oppmuntrar AD om å vurdere ein pilot for å styrke arbeidet med akuttinnleggingar med sikte på betre og raskare tenester. Innsparing på investeringar må vurderast utifrå at ein må unngå å utsette kostnader som blir høgare på sikt.

Vedtak (samrøystes):

1. Styret viser til saksframlegget og ber administrerande direktør om arbeide vidare med oppfølging av styresak 019/17. Det betyr å:
 - a. Følgje opp tiltak føreslegne av døgnsprosjektet , og finne ytterlegare tiltak, med sikte på å oppnå prosjektmålet i høve lågare driftsnivå. Tiltaka inneber m.a.
 - i. Samlokalisering av sengepostar i kirurgisk klinikk i Førde
 - ii. Reduksjon av bemanning som føreslege og implementere aktivitetsstyrt bemanning
 - b. Følgje opp tiltak føreslegne av prosjekt Lærdal
 - c. Sikre at bemanninga i budsjett 2018 blir aktivitetsstyrt slik det er skissert i rapporten frå døgnsprosjektet
 - d. Følgje opp dei andre tilrådingane i døgnsprosjektet utover hausten 2017
 - e. Vurdere nærare korleis ein kan redusere driftsutgiftene ved døgntilboda i Lærdal
 - f. Følgje opp rapport frå gruppa som har arbeidd med «vaktordningar for legetenesta»
 - g. Arbeide vidare med å optimalisere utbyggingsprosjektet Nye Førde sjukehus slik rapport om planar for utvikling av forprosjekt skisserer
2. Styret sluttar seg til at det er naudsynt med ytterlegare tiltak og utgreiingar slik det er omtalt i saksframlegget, og ber om å bli orientert om framdrift og iverksetting.
3. Implementering av tiltaka skal skje i tråd med avtaleverk og vanleg involvering av tillitsvalde og verneteneste.

Saker til orientering:

049/2017 Forsking og innovasjon i Helse Førde – statusrapport

Saka var utsett frå førre møte

Oppsummering:

Rapporteringa gjer greie for utviklinga av forskning og innovasjonsaktiviteten i føretaket, med følgjande oversikt:

- Forskingsaktivitet i HFD
 - Forskingstema
 - Vitskaplege publikasjonar i HFD 2016
 - Doktorgrads- og postdoktor-prosjekt, status 15. mai 2017
- Ressursbruk til forskning og utvikling i Helse Førde i 2016
- Status søknadar
- Innovasjon
- Helseatlas og Samhandlingsbarometeret
- Status forskning i Helse Førde samanlikna med andre føretak i Helse Vest

Helse Førde har to større tematiske forskingsstrategiar, «Psykisk helsevern og rus,» og «Livsstil, overvekt og folkehelse.»

Det største nyhende sidan forrige rapportering er at Norges Forskingsråd (NFR) har innvilga omlag 10 mill kroner til prosjektet «NORSE: Building bridges between psyche and soma through personalized and dynamic mental health systems». Det er første gong HFD har nådd opp i konkurransen om forskingsmidlar frå NFR, og prosjektet fekk svært god vurdering. Det er sterkt ønskjeleg å få med fleire klinikarar – især legar – i forskingsprosjekt.

Forskingsleiar Solheim orienterte om saka.

Styret takka for ei interessant rapportering.

Vedtak (samrøystes):

Styret tek statusrapport om forskning og innovasjon i Helse Førde til orientering.

059/2017 Rapportering om prosjekt i Helse Førde

Oppsummering:

Styret i Helse Førde har bedt om å bli jamleg orientert om statusen for prosjekt i Helse Førde. Lokale prosjekt i Helse Førde som har høg prioritet er:

- Pasientens helseteneste – program for å implementere utviklingsplan for Helse Førde
- Investeringsporteføljen
- Bygg aust
- Energileiing i Helse Førde
- Pasientar med store, langvarige og samansette behov
- NORSE
- TikkTalk – digital/videobasert tolketeneste
- Nasjonalt helseatlas – nasjonal oppgåve

- Vern mot vald og truslar

Regionale prosjekt som har høg prioritet er:

- Alle møter
- Pasienttryggleiksprogrammet sine tiltak - Legemiddeltryggleiksprosjekt
- Elektronisk pasientjournal (EPJ)
 - DMA – digitalt mediearkiv , KULE – elektronisk kurve og legemiddelløsning,
 - Overgang til DIPS Arena, Checkware
- LIBRA – forsyning og innkjøp
- PoPP – prosjektportefølgje, felles system

Det er definert 13 prosjekt/utviklingsområde og styresaka viser status for desse:

1. Utvikle døgntilboda
2. Lærdal sjukehus
3. Poliklinikk og dagtilbod
4. Utvikle psykisk helevesen
5. Radiologi og laboratoriefag
6. Kirurgi, anestesi, oppvakning
7. Plan for lege- og psykologtenestene
8. Prehospitale tenester
9. Stab og støtte
10. Samarbeidande sjukehus
11. Samhandling med kommunane
12. Tenesteinnovasjon
13. Forprosjekt «Nye Førde sjukehus»

Fung. adm. direktør Kleiven orienterte om saka, og ba styret merke seg at det kan bli ein budsjettsprekk på 13 millionar kroner på Bygg Aust.

Styret gjentok behovet for framdrift når det gjeld prosjekta i Pasientens helseteneste. Vidare bør det vere ei samstemming mellom prosjekta, og ei tydeleggjing om kva for prosjekt som er meir førande enn andre. Administrasjonen vart bedne om å legge fram rapportering på investeringsprosjekt.

Vedtak (samrøystes):

Rapportering frå prosjekt i Helse Førde per juni 2017 vert teken til orientering.

060/2017 Bierverv i Helse Førde - status

Oppsummering:

Rapportar viser auke i tal registrerte bierverv i 2017 samanlikna med 2016. Det blir i klinikkane sine leiargrupper informert om retningsliner for bierverv. HR vil halde fram rutinen med å sende årleg rapport med oversikt over bierverv i klinikk til nivå 2-leiar. Retningslinene knytt til bierverv vert vidareført. Det er ikkje kome tilbakemeldingar til Helse Førde frå riksrevisjonen i samband med kontrollen av helseføretaka si handtering av bierverv (januar 2017).

Vedtak (samrøystes):

Styret tek informasjon til vitande.

061/2017 Eventuelt

Dato for dialogmøte med kommunane:

Kommunane ba i mai om at det planlagde dialogmøtet vart utsett. Ny dato for dialogmøte med kommunane vert 25. september kl. 13 i Førde, kombinert med Koordineringsrådet.

Skriv og meldingar

Følgjande skriv og meldingar var sendt ut til styret:

- Samhandlingsnytt, juni 2017
- RHF styresak 070/17 Inntektsmodell 2018
- RHF styresak 071/17 Førebels inntektsfordeling og resultatkrav 2018
- RHF styresak 072/17 Langtidsbudsjett 2018 - 2022
- Brev til seksjonsleiarar i Helse Førde til styret i Helse Vest RHF vedr. «Svar på brev frå seksjonsleiarar i Helse Førde til Helse Vest v/styreleiar Terje Vareberg», datert 20.06.2017
- Brev til Dnlf og NSF vedr. «Svar på henvendelse vedrørende styremøte i Helse Førde HF», datert 19.06.2017
- Brev til LPP, Mental Helse og Rusettervernet i Sogn og Fjordane vedr. «Brukarmedverknad på systemnivå i Helse Førde – svar til brukarorganisasjonane», datert 20.06.2017
- Brev frå LPP, Mental Helse og Rusettervernet i Sogn og Fjordane vedr. «Brukarmedverknaden i Helse Førde», datert 10.06.2017

Følgjande skriv og meldingar var lagt på bordet i møtet:

- Uttale frå tillitsvalde til styresak 058/2017 Budsjettoppfølging 2017
- Brukarmedverknad på systemnivå i helseføretak
- Restanseliste for styret

Ref. Berit Irene Haarklau

Agnes Landstad
Styreleiar

Atle Hamar
Nestleiar

Helge E. Bryne

Harry Mowatt
(sett)

Liv Stave

Aud Ingrid Espeland

Wenche Kristin Røkenes

Randi Aven

Hans Jacob Westbye

Mariann Hundsnes
Varamedlem tilsette